Skulen og foreldre/føresette skal på førehand, saman ha formulert ei problemstilling ein ønskjer å drøfte med skuleteamet. Same prosedyre gjelde for andre tenester som melder opp saker til teamet. Ved sistnemnte er det viktig at skulen er orientert på førehand om at det kjem ei sak som er innmeldt av andre. Saker skal meldast inn på gjeldande skjema. Skuleteamet vil vurdere behov for å nytte evt. andre faginstansar inn i teamet.

Hovudregel er at skulen, der det aktuelle barnet / ungdommen går, skal vere representert inn i teamet, uavhengig av type problemstilling. Dette fordi vi ser på skulen som ein viktig part.

Problemstillinga sender ein til koordinator i skuleteamet. Koordinator tek kontakt med den aktuelle skulen og avtaler tidspunkt for eit møte. Møtet kan eventuelt haldast i kommunehuset, om det er ønskeleg.

Skulen kallar inn foreldre/føresette, leier møtet og skriv referat. Kopi av referat sender ein til koordinator, som har ansvar for at det blir lagra i journalen til barnet på helsestasjonen.

**For innmelding av sak:** Send ferdig utfylt skjema til koordinator **Mathea Fladset Skrove** gjennom **internpost**. Innmelding skal skje seinast **ei veke** i forkant. Skuleteamet har sett av tid **tysdag i partalsveke frå 08.30-11.00**.

***Namn på barnet:***

***Fødselsår:***

***Skule:***

**Problemstilling:**

**Barnet sine sterke sider:**

**Kva er gjort og prøvd tidlegare?**

**Andre involverte instansar rundt barnet?**

**Kva ønskjer de å oppnå med drøfting i tverrfagleg team?**

**Eventuelt:**

**Dato:**

**Underskrift av foreldre/føresette:**

**Underskrift av kontaktperson på skulen:**

**Tilvist av:**





## Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 04/19	Kontrollutvalet	12.2.2019

### **PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «HJEMMETJENESTEN I VESTNES KOMMUNE»**

#### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet godkjenner framlagt prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt "Hjemmetjenesten i Vestnes kommune" med dei merknader og tillegg som måtte framkome i møtet. Prosjektplanen dannar grunnlag for gjennomføring av prosjektet.

#### **Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet i Vestnes vedtok i sitt møte 6.12.2018, sak 33/18 å bestille ein forvaltningsrevisjon av «Heimetenester i Vestnes kommune».

Dette temaet er i Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019, vedteken av Vestnes kommunestyre 27.10.2016 sak 96/2016, ført opp som eit tema som også kan vere aktuelt for forvaltningsrevisjon i perioden.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77, nr. 4  
*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)»*

Forskrift om kontrollutvalg, kap. 5, utdjuar kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon.

Utvalet bad om å få framlagt ein prosjektplan som tek utgangspunkt i følgjande problemstillingar:

- Blir søknader om tildeling av heimetenester handsama i tråd med regelverk og retningsliner?
- Har heimetenesta rutinar som sikrar at brukarane får naudsynt hjelp?
- Vert endra behov fanga opp gjennom nye vedtak?
- Er det rutinar for å avdekke og rette opp svikt i tenestene?

Utvalet ønskjer at forvaltningsrevisjonsprosjektet fangar opp

- leing og organisering av tenesta, inkludert kompetanse.

Prosjektplanen må gjere naudsynnte avgrensingar i forhold til omfang på prosjektet.

Prosjektet er bestilt gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon IKS. I følge RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon, skal det i starten av et forvaltningsrevisjonsprosjekt utarbeidast ein prosjektplan som skal danne grunnlag for gjennomføring av prosjektet.

Vedlagt følger:

- Revisjonen sitt utkast til prosjektplan for «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune», datert 29.1.2019.

## **VURDERING**

Kontrollutvalet har ansvar for at kommunen si verksemd årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. Gjennom forvaltningsrevisjon skal kontrollutvalet undersøke om kommunen følgjer regelverk, om dei når fastsette mål, om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte, og verknader av vedtak. Revisor utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet og er ansvarleg for gjennomføringa.

Kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar for forvaltningsrevisjon inneber m.a. at utvalet skal halde seg orientert om forvaltningsrevisjonsprosjektet undervegs i prosessen. Dette skjer gjennom prosjektplanen.

Prosjektplanen bør omtale følgjande punkt:

- Bakgrunn for prosjektet
- Målsetjing og problemstillingar
- Revisjonskriterium eller grunnlaget for disse
- Metodisk tilnærming
- Organisering og ansvar, ressursbehov og tidsplan

I den vedlagte prosjektplanen har revisor, under pkt. 3, utarbeidd tre problemstillingar som blir lagt til grunn for prosjektet. Kontrollutvalet må her vurdere om problemstillingane belyser det utvalet hadde ønskje om å få belyst ved val og bestilling av prosjekt. Det er viktig å vere merksam på at kor mange problemstillingar ein skal undersøke, vil ha innverknad på kor omfattande revisor kan belyse dei ulike problemstillingane.

Utvalet må vurdere om de er einig i dei avgrensingar som er gjort i prosjektet. Då temaet er omfattande, har revisjonen avgrensa til å undersøke to revisjonskriteriar knytt til kvart tema.

Dersom revisor ser behov for å gjere vesentlege endringar i problemstilling(ar) eller anna undervegs i prosjektet, så skal dette avklarast med kontrollutvalet.

I prosjektplanen er det også beskrive kva metode som skal nyttast; som er intervju og dokumentanalysar.

Sekretariatet vurderer at prosjektplanen revisjonen har utarbeidd inneheld dei punkt ein slik plan bør innehalde.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

<b>PROSJEKTPLAN</b>	<b>Møre og Romsdal Revisjon IKS</b>
<b>Forvaltningsrevisjon</b>	Utarbeidet: 29.01.2019 av Lillian Reder Kristoffersen og Einar Andersen
Enhet: <b>Vestnes kommune</b>	
Prosjekt:	<b>Hjemmetjenesten i Vestnes kommune</b>

## 1. Generell hjemmel for forvaltningsrevisjon

Aktivitet	Hjemmel
Kommunens revisor skal utføre forvaltningsrevisjon.	Kommuneloven § 78 nr. 2 og forskrift om revisjon kapittel 3 §§ 6-8
Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger.	Kommuneloven § 77 nr. 4

## 2. Bakgrunnen for dette revisjonsprosjektet

### Plan for forvaltningsrevisjon 2016 til 2019

Utvalg	Saksnummer	Dato
Kontrollutvalget	23/16	03.10.2016
Kommunestyret	94/2016	27.10.2016

I kommunestyret sitt vedtak av planen for forvaltningsrevisjon i Vestnes kommune for 2016-2019, gav de KU fullmakt til å prioritere tema for forvaltningsrevisjoner. I Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 er «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune» nevnt som et aktuelt tema for forvaltningsrevisjon i perioden. Vestnes kommune har mange omsorgsboliger som krever hjemmetjenester og at det derfor er viktig at disse tjenestene fungerer tilfredsstillende.

### Bestilling av prosjekt

Utvalg	Saksnummer	Dato	Vedtak
Kontrollutvalget	PS 33/18	06.12.2018	<b>Kontrollutvalgets vedtak</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalget i Vestnes bestiller følgende forvaltningsrevisjonsprosjekt: Heimetenesta i Vestnes kommune.</li> <li>Prosjektet bestilles fra Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR).</li> <li>Prosjektplan utarbeides av MRR og legges fram for kontrollutvalet under møtet i februar.</li> </ol>

Under kontrollutvalgets behandling er det skissert følgende problemstillinger til forvaltningsrevisjonsprosjektet:

- *Blir søknadar om tildeling av heimetenester handsama i tråd med regelverk og retningslinjer?*

- Har heimetenesta rutinar som sikrar at brukarane får naudsynt hjelp?
- Vert endra behov fanga opp gjennom nye vedtak?
- Er det rutinar for å avdekke og rette opp svikt i tenestene?

Utvalet ønskjer at forvaltningsrevisjonsprosjektet fangar opp

- Leiing og organisering av tenesta, inkludert kompetanse

Utvalet ønskjer å få ei prosjektplan framlagt i møte i februar, som tek utgangspunkt i problemstillingane som er skissert i møteprotokollen. Prosjektplanen må då gjere naudsynte avgrensingar i forhold til omfang av prosjektet.

### 3. Problemstillinger og revisjonskriterier

#### Problemstillinger

Det skal utarbeides problemstillinger for den enkelte forvaltningsrevisjonen. Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget har revisjonen operasjonalisert problemstillingene og mener at disse er tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.

Revisjonen legger til grunn at det kan gjøres mindre justeringer i forhold til de funn som undersøkelsen avdekker. Konkretisering av problemstillingene vil bli vurdert underveis i prosjektet.

#### Revisjonskriterier

Med utgangspunkt i problemstillingene skal det etableres revisjonskriterier. Revisjonskriterier er de krav, normer og standarder som forvaltningsrevisjonsobjektet skal vurderes i forhold til. Revisjonskriteriene skal være begrunnet i, og utledet fra, autoritative kilder innenfor det reviderte området. Revisjonskriteriene skal være relevante, konkrete og i samsvar med de kravene som gjelder for forvaltningsrevisjonsobjektet innenfor den aktuelle tidsperioden.

Basert på temaene som kontrollutvalget ønsker vurdert har revisjonen utledet følgende tema og problemstillinger:

#### **Tema 1:** Organisering av hjemmetjenesten

##### **Problemstilling:**

- Hvordan blir hjemmetjenesten i Vestnes organisert?

##### **Revisjonskriterier**

- 1) Ledelsen av hjemmetjenesten skal organisere tjenesteapparatet og tjenesteyterne på en slik måte at brukerne får de tjenester de har behov for til rett tid.
- 2) Ledelsen av hjemmetjenesten skal sikre at personell som utfører tjenestene har tilstrekkelig fagkompetanse til å yte lovpålagte tjenester på en forsvarlig måte.

#### **Tema 2:** Tildeling av hjemmetjenester

##### **Problemstilling**

- Blir søknader om tildeling av hjemmetjenester behandlet i tråd med regelverk og retningslinjer?

##### **Revisjonskriterier**

- 3) For at kommunen skal kunne vedta å tildele riktige tjenester til rett tid og i tilstrekkelig omfang, skal saken være så godt opplyst som mulig før enkeltvedtak treffes
- 4) Kommunen skal ha rutiner som sikrer at pasienter og brukere får medvirke ved utforming av tjenestetilbudet

### **Tema 3: Gjennomføring av hjemmetjenester**

#### **Problemstilling:**

- Hvilken rutine har kommunen på gjennomføring av hjemmetjenestene?

#### **Revisjonskriterier**

- 5) Kommunen skal ha skriftlige prosedyrer og rutine på at brukerne får de tjenester de har krav på, at endret behov blir fanget opp av tjenesteyter og at nytt vedtak blir utarbeidet
- 6) Ledelsen av hjemmetjenesten skal utvikle og iverksette nødvendige instruksjoner for å avdekke og rette opp svikt i tjenestene

## **4. Autoritative kilder**

Revisjonskriteriene i dette prosjektet er utledet fra følgende autoritative kilder:

#### Kriterie 1 - Ledelse:

Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting § 3, 1.ledd

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene § 3

#### Kriterie 2 - Kompetanse:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1, c) og d)

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene § 6 f)

#### Kriterie 3 - Saksbehandling:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2, 1. ledd nr. 6 a) og b), som sier at kommunen har ansvar for bl.a. helsetjenester i hjemmet, praktisk bistand og personlig assistanse.

Helse- og omsorgstjenesteloven § 2-2, bestemmer at forvaltningsloven gjelder for kommunenes virksomhet.

Forvaltningsloven § 17, 1. ledd. Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.

Helsedirektoratet sin «Veileder for saksbehandling» av tjenester.

#### Kriterie 4 - Brukermedvirkning:

Pasient- og brukerrettighetsloven § 3-1, 2. ledd. Brukermedvirkning ved utforming av tjenestetilbudet.

#### Kriterie 5 - Grunnleggende behov:

Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting § 3, 1. og 2. ledd -Kommunen skal etablere system og prosedyrer.

Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting § 3, 2.ledd -brukerne skal få tilfredsstilt grunnleggende behov.

#### Kriterie 6 - Avdekke og rette opp svikt:

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene § 7 c

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene § 9 c

## **5. Avgrensning**

Revisjonen har utledet tre tema fra bestillingen. Temaene er omfattende og revisjonen har avgrenset til å undersøke to revisjonskriterier til hvert tema. Revisjonen mener at prosjektet nå er tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvare bestillingen.

## 6. Metode og gjennomføring

Undersøkelsen skal baseres på Norges kommunerevisorforbund (NKRF) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

For å innhente opplysninger til prosjektet vil revisjonen benytte metodene intervju og dokumentanalyse. Det vil bli gjennomført intervju av rådmann, enhetsleder, saksbehandlere og utøvende personell.

Dokumentanalyse av kommunens retningslinjer, ressursplaner, dokumentasjon på kompetanse og dokumentasjon på medvirkning i utarbeidelse av tjenestetilbud.

Revisjonen ønsker å gjennomføre intervju med brukere og eventuelt pårørende for å innhente opplysninger om deres grad av medvirkning i utarbeidelse av tjenestetilbudet, i hvilken grad de får de tjenestene som de har krav på, og deres erfaringer i forhold til om tjenesteyterne avdekker og retter opp svikt i tjenestene.

## 7. Ressurser

Kompetanse	Navn	Ressurser
Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor	Einar Andersen	300 timer
Forvaltningsrevisor	Lillian Reder Kristoffersen	

Antall timer er satt ut fra foreløpig vurdering av ressursbruk i prosjektet.

## 8. Tidsplan

Oppstartsbrev sendes til rådmann når prosjektplan er vedtatt i kontrollutvalget. Revisjonen beregner at levering av prosjektrapport kan skje forsommeren 2019.

Aktivitet	Planlagt utført	Merknader
Kontrollutvalget bestilte prosjektet	10.12.2018	OK
Prosjektplan behandles i kontrollutvalget	12.02.2019	
Oppstartmøte med rådmann	Februar 2019	
Arbeid med rapport	Våren 2019	
Høringsuttalelse fra rådmann	Innen 2. juni 2019	
Rapport oversendes til kontrollutvalg	Innen 3. juni 2019	
Kontrollutvalg behandler rapporten	17. juni 2019	
Kommunestyret behandler rapporten	2019	



## Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 05/19	Kontrollutvalet	12.2.2019

### INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2018

#### Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå interimrevisjonen til orientering.

#### Bakgrunn for saka

Kommuneloven § 77 nr. 4 og Forskrift for kontrollutvalg §§ 6 og 9 omhandlar kontrollutvalet sitt tilsynsansvar overfor revisjonen.

Etter kommunelova § 77 nr. 4, skal kontrollutvalet sjå til at kommunen sitt årsregnskap blir revidert på ein trygg måte, under dette halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet. Dette skjer bl.a. ved at revisor rapporterer om sitt arbeid til kontrollutvalet.

Utvalet har ein viktig jobb i å påsjå at dette arbeidet føregår i samsvar med gjeldande lovreglar og avtalar. Rapporteringa frå revisor er viktig for at kontrollutvalet skal kunne halde seg orientert om framdrifta i revisjonsarbeidet og for å vurdere om ein skal sette i gang andre kontroll- og tilsynsaktivitetar.

Vedlagt følgjer:

- Oppsummering etter interimrevisjon Vestnes kommune, mottatt 4.2.2019.

#### VURDERING

I oppdragsavtalen med Møre og Romsdal Revisjon IKS, som kontrollutvalet godkjente i møte 22.11.2017 sak 33/17, er det lagt opp til at rapportering til kontrollutvalet frå interimrevisjonen skal skje i november-desember. Grunnlaget for denne rapporteringa er kommunikasjons-/revisjonsplan 2018, som vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 24. september 2018, sak 24/18.

Av vedlagt rapport frå interimrevisjonen, kjem det også fram nokre opplysningar om revisjonsselskapet. Som de vil sjå, har det hausten 2018 blitt forhandla med Kommunerevisjonsdistrikt 3 på Nordre Sunnmøre om samanslåing til eit enno større revisjonsselskap. Forhandlingane har vore positive og tilråding om samanslåing vart handsama i representantskap i Møre og Romsdal revisjon 18.1.2019. Det ligg ikkje føre protokoll frå dette møtet enda.

Som det går frem av rapporten, så er Vestnes kommune si verksemdstyring tilfredsstillande på dei fleste områder. Men det vert i rapporten peika på ein del områder som etter revisor si vurdering har svakheiter, og der det bør setjast i verk tiltak.

Oppdragsansvarlig revisor Anne Oterhals, vil i kontrollutvalet sitt møte presentere interimrapport fra rekneskapsrevisjonen 2018. Revisor vil da utdjupe kva som er utført av arbeid, revisjonstilnærming og funn.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



# OPPSUMMERING ETTER INTERIMSREVISJON

VESTNES KOMMUNE

UTKAST OVERSENDT ADMINISTRASJONSSJEF 10.01.2019 FØR OVERSENDELSE TIL  
KONTROLLUTVALGET SOM HAR SITT MØTE 12.2.2019

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## Innhold

- Nytt om MRR
- Virksomhetsstyring – «orden i eget hus»
- Modenhetshierarki for internkontroll
- Risikopunkter 2018 og angrepsvinkel
- Oppfølgingspunktene fra 2017 og angrepsvinkel
- Tjenesteproduksjon – risiko og intern kontroll
- Øvrige forhold
- Oppsummering - veien videre
- [Vedlegg](#)

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR)

3

- ▶ Det nærmer seg 2 år med drift i MRR og den nye organisasjonen er godt etablert og vi ser store fordeler med etableringen av en større revisjonsenhet
- ▶ Sommer og høst 2018 har vi hatt sonderinger med revisjonsenheten på Nordre Sunnmøre (Komrev 3) om mulig sammenslåing for ytterligere å styrke kompetansen, kapasiteten og robustheten i kommunerevisjonen.
- ▶ Sonderingene førte til forhandlinger etter vedtak i begge selskapenes representantskap i september.
- ▶ Forhandlingene vært vellykkede og forhandlingsutvalget som har bestått av politikere, styreledere, daglig leder og ansatt representanter fra begge selskapene har kommet til en samstemt tilråding om sammenslåing fra 1. januar 2020.
- ▶ Tilrådingene fra forhandlingsutvalget skal behandles av styrene i de to selskapene i løpet av november og deretter i representantskapene i desember eller januar 2019.

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR)


4

- ▶ Prosessen i sammenslåingsdokumentet som er utarbeidet av forhandlingsutvalget legger opp til behandlinger i de enkelte kommunestyre og fellesnemder i løpet av våren 2019.
- ▶ Sammenslåingen medfører ikke nytt valg av revisjonsordning, siden revisjonen fortsetter i «egen regi», men den nye juridiske enheten må velges som revisjonsselskap.
- ▶ Vi kommer tilbake med mer informasjon etter hvert som prosessen går fremover og involvering av kontrollutvalgene.
- ▶ I tillegg: Vi har byttet kontorlokaler i Molde og dere finner oss nå i 3. etasje i Storgata 18 i Molde.

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS


## Virksomhetsstyring – «orden i eget hus»

5



## Modenhetsnivå for internkontroll

6



MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## Risikopunkter i plan for 2018 og revisjonsmessig angrepsvinkel

7

- ▶ Generelle risikopunkter
  - ▶ Lov om offentlige anskaffelser
    - ▶ Oppdatering av innkjøpsreglement
  - ▶ Transaksjoner med nærstående
- ▶ Skille drift- og investeringsutgifter
- ▶ Mva-kompensasjon
  - ▶ Fordeling utleie/utlån idretts- og kulturbygg - dokumentasjon
- ▶ Særskilte risikopunkter
  - ▶ Kapasitet og kompetanse
    - ▶ Ny økonomirådgiver
      - økning i kapasitet og kompetanse

### Angrepsvinkel

Test av kontroller / særattestasjoner

Samtale med ledelsen, avtalte kontrollhandlinger andre undersøkelser

I hovedsak substanskontroll

Kartlegging og test av kontroller / særattestasjoner

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## Oppfølgingspunkter i plan for 2018

8

### Oppfølgingspunkt

- ▶ Årsregnskap og noter – formkrav
- ▶ Budsjett - formkrav
- ▶ Bankkonti utenfor kommunens regnskap
- ▶ Internkontrollsystemet
  - ▶ Økonomisk internkontroll, dokumentasjon
- ▶ Refusjon særlig ressurskrevende tjenester

### Angrepsvinkel

Dialogmøte om forbedringspunkt, substanskontroll årsoppgjøret

Dialogmøte, substanskontroll

Kartlegging-Statusavklaring



Kartlegging og test av kontroller

Særattestasjoner - Substanskontroll

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## VIRKSOMHETSSTYRING

Virksomhetsstyringen er i det vesentlige tilfredsstillende




Status, trend	Observasjon	Anbefaling
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ledermøter: Etablert møtestruktur synes å være hensiktsmessig for organisasjonen.</li> <li>Det avholdes møter mellom administrasjonssjef og ordfører</li> <li>Det avholdes ukentlige møter mellom administrasjonssjef og kommunalsjefene</li> </ul>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Kvartalsrapportering</b></li> <li>Det rapporteres på økonomi og finansforvaltning i samsvar med reglement</li> <li><b>Driftsregnskap</b> rapporteres på driftsinntektene med periodisk avvik mot prognose på året. Driftsutgiftene rapporteres pr enhet mot årsbudsjett og det gis en skriftlig redegjørelse for enkelte enheter.</li> <li><b>Investeringsprosjektene</b> rapporteres enkeltvis mot budsjett med kommentar om framdrift. For enkelte prosjekt gis en fylligere redegjørelse.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi anbefaler at driftsutgiftene rapporteres mot prognose på året for hver enhet (1B)</li> <li>For finansrapporteringen så skal det rapporteres og konkluderes på forvaltningen av; <ul style="list-style-type: none"> <li>ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål</li> <li>gjeldsportefølge og øvrige finansieringsavtaler</li> <li>Langsiktige finansielle aktiva</li> </ul> </li> </ul>

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## TJENESTEPRODUKSJON – RISIKO OG INTERN KONTROLL

Kommunen har formelle kontrollrutiner som synes å være tilfredsstillende på de fleste områder

10



Status, trend	Observasjon	Anbefaling/status
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lønn: Rutinene i lønnsprosessen synes å være tilfredsstillende.</li> <li>Det synes å være et godt kontrollmiljø ved lønnsavdelingen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi anbefaler innføring av ledelsessattesterte lønningslister. Dette vil redusere risiko for feil.</li> </ul>
	<p>Mva-kompensasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Rutinene for kontroll synes å være gode.</li> <li>Våre løpende undersøkelser avdekker få feil og mangler.</li> <li>Rutinene for fordeling av mva mellom utleie/utlån til kultur- og idrettsbygg og andre utleieforhold er gjennomgått og synes ok.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Viktig å opprettholde høyt fokus på området da det er store beløp og konsekvensene av feil kan bli store.</li> </ul>
	<p>Skille drift og investering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunen legger sine premisser på området i forkant av budsjettbehandlingen</li> <li>Reasfalteringer avskrives på 20 år istedenfor 40.</li> <li>Anleggsmodulen er tatt i bruk i 2018.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kortere avskrivningstid på reasfaltering.</li> <li>Kommunen redegjør for sine premisser for skille drift og investering og legger til Forventningslisten/PBC listen for investeringer som xxxx</li> </ul>

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## TJENESTEPRODUKSJON – RISIKO OG INTERN KONTROLL

Kommunen har formelle kontrollrutiner som synes å være tilfredsstillende på de fleste områder

11


Status, trend	Observasjon	Anbefaling
	Lov om offentlige anskaffelser: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved bilagskontroller utført i perioden er det ikke funnet avvik overfor regelverket.</li> <li>• Kommunen er i gang med arbeidet med å lage nytt innkjøpsreglement, der status er at dette er planlagt behandlet i kommunestyret i februar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Særlig risikoområde der kommunen bør ha prioritet på at regelverk og avtaler blir fulgt.</li> </ul>
	Internkontrollsystemet: <p>Kommunen har satt i gang utarbeiding av nye/ending av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fakturerings- og innfordringsrutiner</li> <li>• Rutiner for finansforvaltning</li> <li>• Overordna rutine for attestasjon og tilvisning</li> </ul> Rutinene vil bli testet når de er etablert.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktig at de får ferdigstilt reglementene og forankret ute i enhetene</li> <li>• Påse at det gjøres særlige kontroller på at anskaffelser er i tråd med innkjøpsavtaler og lov om offentlig anskaffelse</li> </ul>

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## TJENESTEPRODUKSJON – RISIKO OG INTERN KONTROLL

Kommunen har formelle kontrollrutiner som synes å være tilfredsstillende på de fleste områder

12




Status, trend	Observasjon	Anbefaling
	Bankkonti utenfor kommunen sitt regnskap. <p>Vi får opplyst at gjennomgangen er avsluttet fra kommunens sin side. Vil bli sett på i årsoppgjørrevisjon</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rutiner for fortsatt "følge opp oppretting av bankkonti ute i enhetene</li> </ul>

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## TJENESTEPRODUKSJON – RISIKO OG INTERN KONTROLL

Kommunen har formelle kontrollrutiner som synes å være tilfredsstillende på de fleste områder

13

Status, trend	Observasjon	Anbefaling
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Transaksjoner med nærstående</li> <li>• Gjennomført en undersøkelse i forbindelse med utbyggingssaker, jf avtalte kontrollhandlinger behandlet i kontrollutvalget 24. september 2018</li> </ul>	Ha fortsatt fokus på habilitetsregler både når det gjelder saksbehandling og når det gjelder innkjøp
 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsbudsjett - formkrav Budsjettsaken for 2018 inneholder de obligatoriske budsjettskjemaene</li> <li>• Årsregnskap med noter Revisjonen har hatt møte med de økonomiansvarlige om forbedringspunkt til årsregnskapet 2018. Regnskapsfører har begynt arbeidet med bedre layout av årsregnskapet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Påse at alle budsjettskjema har obligatorisk kolumne innhold/inndeling –skjema 2B <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samme oppstilling som 2 A</li> </ul> </li> <li>• Få årsregnskap og noter mer lesbart</li> <li>• Få økonomisk oversikt drift i balanse</li> <li>• Forløpende nummering av noter og med henvisning fra regnskap til note og fra note til regnskap</li> </ul>

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

14

“

Vi vil bidra til at innbyggerne i vårt distrikt får et enda bedre fylke å bo i

”

- Møre og Romsdal Revisjon IKS

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## Vedlegg

Vedlegg

## Revisjonens forretnings- og kontrollorienterte angrepsvinkel

- ▶ I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontrollsystemer, herunder overholdelse av regler for registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.
- ▶ Dette er ikke en fullstendig gjennomgang eller etterprøving av alle de foreliggende systemer og kontroller.
- ▶ Hensikten med gjennomgangen er å forstå hvordan selskapets regnskaps- og internkontrollsystemer reduserer risiko for feil i finansiell rapportering. Dette gir oss grunnlag for å bestemme en effektiv angrepsvinkel for revisjonen, herunder sammensetningen av type revisjonshandlinger. Ved god kvalitet på internkontrollen vil behovet for detaljert verifisering og bilagskontroller reduseres.
- ▶ Vår kommunikasjon omfatter kun de revisjonsmessige forhold av interesse som vi er blitt oppmerksom på som et resultat av utførelsen av revisjonen.



Vedlegg

17

Med en forretningsorientert revisjon får vi et solid grunnlag for tilbakemeldinger til selskapet innen tre hovedområder:

- ▶ Virksomhetsstyring – styrende prosesser
- ▶ Tjenesteproduksjon/Forretningsprosesser – risiko og internkontroll
- ▶ Finansiell rapportering

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

Vedlegg




18

## Definisjoner av våre rapporteringssymbol

### Status

-  Betydelig svakhet hvor tiltak bør iverksettes umiddelbart
-  Svakheter hvor det etter vår oppfatning bør iverksettes tiltak
-  Årets revisjon har ikke gitt grunnlag for rapportering av svakheter

### Trend

-  Positiv utvikling over tid
-  Uendret utvikling over tid
-  Negativ utvikling over tid

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

Vedlegg

## Risiko for feil i finansiell rapportering reduseres generelt gjennom effektiv styring av kontrollaktiviteter

19

Design	Kontrollaktiviteten må være designet i definerte prinsipper og retningslinjer for effektivt å møte identifisert risiko
Kommunikasjon	Kontrollaktiviteten må være kommunisert til de ansvarlige for utførelsen
Forståelse	Kontrollaktiviteten må være forstått av de ansvarlige for utførelsen
Support og støtte	Tilstrekkelig support og støtte må være tilgjengelig ved behov
Overvåkning	Kontrollaktivitetene må løpende overvåkes for å sikre faktisk gjennomføring og kvalitet
Håndhevelse	Nødvendige konsekvenser/sanksjoner må iverksettes dersom prinsipper og retningslinjer ikke følges

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS



## Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 06/19	Kontrollutvalet	12.2.2019
	Kommunestyret	

### KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2018

#### Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet vedtek årsmelding for 2018. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2018 vert teke til orientering.

#### Bakgrunn for saka

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 76 er det kommunestyret som har det øvste kontroll- og tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontroll- og tilsynsorgan og skal utfører det løpande tilsynet med kommunen og kommunen si verksemd på vegne av kommunestyret, jf. Kommunelova § 77 nr 1.

Utvalet rapporterer sine saker til kommunestyret etter kvart gjennom året. For å oppsummere føregåande års aktivitet og for å gje kommunestyret eit innblikk i verksemda, utarbeider kontrollutvalet ei årsmelding som vert lagt fram for kommunestyret.

Det følgjer av koml. § 77 nr 6 første punktum:

**”Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.”**

Vedlagt følgjer:

- Årsmelding for 2018 for kontrollutvalet i Vestnes
- Oversikt over handsama saker i 2018

#### VURDERING

Kommunelova sine reglar om tilsyn og kontroll gir kommunestyret og kontrollutvalet betydeleg ansvar og det er difor viktig med dialog mellom kontrollutvalet og kommunestyret.

Kontrollutvalet kjem med fråsegner til kommunen sitt årsrekneskap og eventuelle sluttrekneskap for byggje- og investeringsprosjekt, samt at det avslutta forvaltningsrevisjonsprosjekt vert sendt kommunestyret gjennom eigne forvaltningsrevisjonsrapportar. Kontrollutvalet finn ein det også føremålstenleg å gje ei oppsummering av kontrollutvalet si verksemd i løpet av året gjennom ei eiga årsmelding.

Årsmeldinga kan bidra til å synleggjere kontrollutvalet si rolle og auke kunnskapen i kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid. Kommunestyret vert invitert til å kome med innspel og tankar knytt til kontrollutvalet si verksemd.

Kontrollutvalet sitt sekretariat viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## ÅRSMELDING FOR 2018

### 1. INNLEIING

Etter lov 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 77 er Vestnes kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, førestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.

Utvalet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen er ivaretatt gjennom strenge krav til valbarheit.

### 2. UTVALET SI SAMANSETJING

Kontrollutvalet i Vestnes kommune har i 2018 hatt følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leiar	Stig Holmstrøm*	Ap		1	Lars Christian Fjærtøft	V
Nestleiar	Gro Ødegård	H		2	Ingrid Skjegstad**	Sp
Medlem	Birgit Torkildson Grotle	Ap		3	Olav Egil Tomren	Krf
Medlem	Frank Ove Belsvik	Frp		4	Frank Schneider Villa	Sv
Medlem	Dagfinn Wiik*	Pp				

\* medlem av kommunestyret.

\*\*Ingrid Skjegstad starta i stilling som kulturrådgevar i Vestnes kommune 1. oktober 2018. Frå den tid er ikkje Skjegstad valbar til kontrollutvalet. Ho blir då ikkje kalla inn som vara til møter, men kommunestyret har ikkje valt ny vara i hennar stad.

Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter.

### 3. SEKRETARIAT

”Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalget.”, jf. Kommunelova § 77 nr. 10.

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal vart i 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre.

Styret er samarbeidet sitt øvste organ og har arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet sine tilsette. Stig Holmstrøm, Vestnes kommune, er valt til styreleiar. Lars Ramstad er valt til nestleiar.

I 2018 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Vestnes ivaretatt av dagleg leiar i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, Jane Anita Aspen.

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som kontrollutvalet handsamar er forsvarlig utgreidd og at utvalet sine vedtak blir sett i verk, jf. § 20 2. ledd, forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

#### **4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2018**

##### **4.0 Saksbehandling og møteavvikling**

Kontrollutvalet har avvikla 5 møter og handsama i alt 36 protokollerte saker. Av dei er 3 saker sendt over til kommunestyret for endeleg handsaming eller som referatsak. I tillegg er det i 2018 handsama 39 referatsaker og 6 orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalet sine møter vert haldt for opne dører og blir hovudsakleg halde på kommunehuset.

Kontrollutvalet har på førespurnad fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

##### Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Vestnes vart vedteke av kommunestyret i møte 29.09.2011, k-sak 65/2011. I kommunestyret sitt møte 27.8.2015 sak 66/2015, vart reglementet revidert.

##### Plan for Kontrollutvalet si verksemd 2017-2019

Kontrollutvalet ser det som tenleg at det for kvar valperiode vert laga ein plan for kontrollutvalet si verksemd. Det er naturleg at denne vert laga av det nye kontrollutvalet det første år etter nytt val. Det er naturleg at planen vert sendt til kommunestyret for godkjenning. På denne måten kan kommunestyret også involverast i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Sidan vi var langt ut i valperioden, valde kontrollutvalet i møte 2.10.2017 sak 26/17 å godkjenne plan for kontrollutvalet si verksemd 2017/2019, utan å sende den til godkjenning til kommunestyret. Kommunestyret fekk planen som referatsak. Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019 er ein overordna plan som må konkretiserast i ein årleg tiltaksplan. Kontrollutvalet har laga ein tiltaksplan som er bygd opp etter same mal som Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Tiltaksplanen vil fortløpande bli oppdatert.

##### Representasjon

Utvalet sin leiar Stig Holmstrøm har i 2018 deltatt på dei tre styremøta som er halde i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

Stig Holmstrøm og Frank Ove Belsvik deltok på **NKRFs<sup>1</sup> Kontrollutvalgskonferanse 2018** på Gardermoen 7.- 8. februar 2018.

Stig Holmstrøm og Frank Ove Belsvik deltok også på **FKTs<sup>2</sup> Årsmøte og Fagkonferanse 2018** på Gardermoen 29.- 30. mai 2018.

Stig Holmstrøm og Lars Christian Fjørtoft deltok på **Opplæringssamling** for kontrollutvala som Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal betener. Samlinga vart avvikla på kommunehuset i Gjemnes kommune 7.11.2018. Hovudtemaet var Habilitet. I tillegg var det ei økt om nytt personvernregelverk og om ny kommunelov. Kontrollutvalsmedlemmer og varamedlemmer var invitert til å delta.

---

<sup>1</sup> Norges Kommunerevisorforbund

<sup>2</sup> Forum for Kontroll og Tilsyn

#### **4.1 Tilsyn med revisjonen**

I følge § 4 i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet sjå til at kommunen eller fylkeskommune har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kommunestyret i Vestnes valde i møte 21.5.2015, sak 45/2015, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og valde selskapet som revisor for kommunen. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå og godkjenne engasjementsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Av ulike årsaker kom Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR) ikkje i drift før frå 1.februar 2017. Dagleg leiar i Møre og Romsdal Revisjon IKS er Veslemøy E. Ellinggard. Det er Anne Oterhals som er oppdragsansvarlege rekneskapsrevisor for Vestnes kommune.

Kontrollutvalet i Vestnes godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 22.11.2017, sak 33/17. I avtalen vert det føreset bl.a. at revisjonen skal legge til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt ansvar for tilsyn med revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

Utvalet har i 2018 fått framlagt følgjande:

- **Interimsrevisjon rekneskapsrevisjon - revisjonsåret 2017**
- **Rekneskapsrevisjon. Presentasjon årsoppgjer 2017**
- **Kommunikasjons-/revisjonsplan 2018**
- **Revisor sin vurdering av uavhengighet**

I tillegg har kontrollutvalet handsama ein systematisk gjennomgang av revisjonen sitt arbeid. Denne vart gjennomført med bakgrunn i Norges kommunerevisors forbund sine rettleiarar «Kontrollutvalgets påseansvar for regnskapsrevisjon» og «Kontrollutvalgets påseansvar for forvaltningsrevisjon».

- **Vurdering av kontrollutvalgets tilsynsansvar for revisjon – revisjonsåret 2017.**

Dokumenta er vorte supplert med munnleg orientering frå oppdragsansvarleg revisor. Vidare er revisjonsmelding lagt fram for utvalet.

#### **4.2 Fråsegn til rekneskapen**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon følgjer av forskrift om kontrollutvalg kap. 4, §§ 6-8.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapen for 2017 for **Vestnes kommune**, og gitt si fråsegn til denne.

Utvalet har også fått seg førelagt kommunen sine kvartalsvise økonomirapportar.

Kontrollutvalet har fått seg førelagt som orienteringssak den årlege skatterekneskapen frå skatteoppkrevjar saman med Skattefuten sin kontrollrapport med skatteoppkrevjarfunksjonen.

Kvaliteten og presentasjonsforma av rekneskapen har vore tilfredsstillande. Det same kan seiast om rådmannen si årsmelding og skatteoppkrevjaren sin årsrapport.

Kontrollutvalet har heller ikkje i 2018 handsama og gjeve fråsegn til sluttrekneskap/byggjerekneskap.

#### **4.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner §§ 10-12.

Det er utarbeidd **Overordna analyse og Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019**, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 24/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 27.10.2016 i K sak 96/2016.

Kontrollutvalet har i møte 9.5.2018 fått orientering knytt til attstånde arbeid med oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapport «**Samhandlingsreformen i Vestnes kommune**». Kommunalsjef for helse og omsorg, Greta Bjerke, orienterte utvalet. Bjerke opplyser at dei ikkje er heilt i mål. Når det gjeld oppfølging av tilråding nr. 1, så vart det i hausten 2017 lagt fram ei sak til kommunestyret, sak 72/2017, om helsetilstanden. Det vart då vedtatt at tilsvarande rapport skal leggst fram i 2020 med ei enno meir omfattande oversikt. Denne skal danne grunnlag for arbeid med Kommuneplanen sin samfunnsdel. I 2019 vert det då sett ned arbeidsgrupper som skal arbeide med dette, i denne samanheng vil det også bli arbeid med fora som folkehelseutval og planforum. Det andre punktet som revisjonen rådde kontrollutvalet til å følgje opp, var knytt til avtalen mellom Vestnes kommune og Helse Møre og Romsdal HF og involvering av pasient- og brukarorganisasjonar for å sikre brukarmedverking. Greta Bjerke opplyser at den enkelt kommune ikkje sit i forhandlingar med Helseforetaket. I desse forhandlingane sit nokre som representerer kommunane. Dette er representantar frå rådmannsutvala. Det er også med brukarrepresentantar, som representerer brukarorganisasjonane. Det er med brukarrepresentantar både i det overordna samhandlingsfora og i det lokale samhandlingsutvalet.

Kontrollutvalet har i møte 6.12.2018, sak 33/18, bestilt følgjande forvaltningsrevisjonsrapport:

- **Heimetenestener i Vestnes kommune**

Prosjektplan vil bli lagt fram i første møte 2019.

#### **4.4 Selskapskontroll**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved selskapskontroll følgjer av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner kap. 6, §§14-15.

Det er utarbeidd **Overordna analyse og Plan for selskapskontroll 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 25/16 og endeleg vedteke av Vestnes kommunestyre 27.10.2016 i K sak 95/2016.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeida eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Eigarskapsmelding for Vestnes kommune vart vedteke av kommunestyret i møte 21.10.2010 i k-sak 76/2010. Eit slikt dokument bør jamleg reviderast.

Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunen og kommunen sine representantar i selskapa. Det er også et viktig reiskap i kontrollutvalet sitt arbeid.

Kontrollutvalet har i 2017 ikkje bestilt eller gjennomført nokon selskapskontroll. Men i kontrollutvalet sitt møte 20.2.2018 fekk kontrollutvalet som referatsak (RS 01/18) framlagt resultatet av **Eierskapskontroll – ÅRIM** – Rapport datert 28.11.2017, Komrev3 IKS.

Utvalet har i rapporten merka seg at det er ein kompetansediskusjon mellom ÅRIM og Ålesund kommune. Det er også ein diskusjon om kven som skal handtere næringsavfallet i Ålesund kommune.



Kontrollutvalet har i 2018 mottatt protokollar frå styremøter og representantskapsmøter i ÅRIM. I tillegg har kontrollutvalet vorte varsla om generalforsamlingar i Vestnes Energi AS. Kommunelova § 80 innsyn og undersøkelser i selskaper, seier at «..Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møte i representantskap og tilsvarende organ.»

#### 4.5 Særskilte oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine særskilte oppgåver følger av forskriftens kap7, §§16-17.

##### Val av revisjonsordning

Etter kontrollutvalet si tilråding vedtok kommunestyret i Vestnes i møte 21.5.2015, sak 45/2015 å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og at selskapet blir valt som revisor for kommunen frå 1.7.2015. På grunn av forseinkingar var ikkje selskapet i drift før 1.2.2017.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har hausten 2018 forhandla om samanslåing med Kommunerevisjonsdistrikt 3 (Nordre Sunnmøre). Representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS skal i januar 2019 behandle resultatet frå forhandlingsutvalet sitt arbeid. Dersom det blir gjort vedtak om samanslåing, så vil ein i 2019 behandle ei ny sak om val av revisor.

##### Budsjettbehandling

Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.

#### 4.6 Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet skal følgje opp at administrasjonen set i verk og gjennomfører dei vedtak som er gjort av dei ulike politiske organ.

Siste driftsrapport 3. kvartal 2018, inneheldt ikkje oversikt over oppfølging av politiske vedtak. I driftsrapport 1. halvår 2018 viser oversikt at følgjande politiske vedtak ikkje er gjennomført pr. 2. kvarta 2018:

- KST 01.10.15, sak 76/2015 - Arealplan
- KST 19.10.17, sak 90/2017 – Forvaltningsrevisjon Helsestasjonstenesta
- KST 23.03.18, Interpellasjon om sambuargaranti
- KST 21.06.18, sak 45/2018 – Legge fram sak om endra akuttstjukehus tilknytning
- KST 31.05.18, sak 37/2018 – «Velkomstpakk» til innflyttarar til Vestnes

Etter kva sekretariatet kan sjå, så var oppfølging av KST 23.03.18, Interpellasjon om sambuargaranti handsama i kommunestyret sitt møte 15.11.18, sak 85/2018.

Oppfølging av KST 31.05.18, sak 37/2018 – «Velkomstpakk» til innflyttarar til Vestnes vart handsama i kommunestyret 18.12.18, sak 89/2018.

#### 4.7 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Saker frå kontrollutvalet som ikkje er endelig avslutta pr. 31.12.2018 er følgjande:

Sak nr / dato	Sakstittel	Vedtak	Merknad
<b>KU sak 18/15</b> 24.6.2015	Forvaltningsrevisjonsrapport «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune	Kontrollutvalet tar administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet « <b>Samhandlingsreformen i Vestnes kommune</b> », medrekna revisjonen si vurdering av kommunen si oppfølging datert 10.4.2017, til orientering.	Kontrollutvalet vil følgje opp dette vidare
<b>K-sak 67/2015</b> 27.8.2015			
<b>KU sak 13/17</b>		Kontrollutvalet ønskjer å følgje attståande arbeid med oppfølging av	

2.5.2017 <b>RS 01/18</b> 20.2.2018		tilrådingane.	
<b>KU sak 23/17</b> 2.10.2017  <b>K-sak 90/2017</b> 19.10.2017	Forvaltningsrevisjonsrapport «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»	1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten <b>Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester</b> til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.</li> <li>• Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for auka kompetanse innan psykisk helse.</li> <li>• Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.</li> <li>• Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.</li> </ul> 2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgd og påsjå at arbeidet vert gjennomført. 3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.	Oppfølging av rapporten i første møte i 2019
<b>KU sak 34/18</b> 6.12.2018	Oppfølgingsliste	I oppfølgingslista er følgjande saker ikkje avslutta: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Internkontroll i Vestnes kommune</li> <li>▪ Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma</li> <li>▪ Innkjøp og offentlege anskaffingar</li> </ul>	Attståande saker frå oppfølgingslista for 2018 vert overført til oppfølgingsliste for 2019.

#### 4.8 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2018 ingen saker knytt til økonomisk utroskap, men ei sak knytt til undersøking av moglege ureglementerte forhold.

Kontrollutvalet fekk melding frå administrasjonssjefen om at kommunen 20.12.2017 mottok eit anonymt varsel oversendt frå Fylkesmannen. **Varselet inneheld påstandar om brot på habilitetsreglar og korrupsjon i Vestnes kommune, knytt til utbyggingssaker.**

Administrasjonssjefen sendte kontrollutvalet ein rapport om korleis varslingssaka er handsama og kva som var administrasjonssjefen sin konklusjon.

På bakgrunn av dette vedtok kontrollutvalet i møte 20.2.2018 å bestille ein avtalt kontrollhandling frå Møre og Romsdal Revisjon IKS for gjennomgang av eit utval utbyggingssaker frå 2016, 2017 og 2018, for å vurdere om sakene har blitt handsama i tråd med habilitetsreglane i forvaltningslova og kommunen si eiga rutine for handtering av inhabilitet. Funna frå denne gjennomgangen vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 24.9.2018.

Det viktigaste funnet frå undersøkinga var at ein person i kommunen sin administrasjon som var inhabil til å saksbehandle ei utbyggingssak, hadde deltatt på førehandskonferanse. Ein førehandskonferanse er eit møte mellom kommune, tiltakshavar og andre faginstansar for nærare avklaring av rammer og innhald i eit tiltak. Administrasjonen har også i ettertid

vurdert at deltaking på førehandskonferanse for person som er inhabil til å saksbehandle, kan oppfattast som uryddig/uheldig.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 25/18: «*Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapporten til orientering, og finn ikkje grunnlag for å undersøke saka nærare.*

*Kontrollutvalet vil understreke viktigheten av å være bevisst på habilitetsreglane i alle fasar av saksbehandlinga.»*

#### **4.9 Verksemdsbesøk**

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli kjende med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet besøke ei verksemd eller alternativt kan ein einingsleiar inviterast til å gje ei orientering om si eining. Gjennomføring av verksemdsbesøk, eller ei slik orientering, gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga.

I samband med møte 6.12.2018 var kontrollutvalet på verksemdsbesøk ved **Tomrefjord skule**. Utvalet fekk grundig informasjon om elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø, klasseleing, samt skolen sitt internkontrollsystem med fokus på elevane sitt utbytte av opplæringa. Dei som deltok under skulebesøket frå skulen si side var: rektor Tone Syltebø, teamleiar Lamees Heggem og teamleiar/inspektør Håvard Siem, samt FAU-leiar Christell Elvsåshagen.

Dei første 20 minutta deltok også elevrådet. Elevrådet var på førehand budde på å seie noko om korleis dei opplever skulemiljøet; kva som er bra og kva som kunne vore betre.

Kontrollutvalet fekk sjå eit stort engasjement for skulemiljø både frå elevar, foreldre og lærarar. Det vert vist til protokoll frå møte 6.12.2018, OS 06/18 for referat frå møte.

#### **4.10 Sentrale kommunale styringsverktøy**

Ei av kontrollutvalet sine oppgåver er å undersøke om kommunen har etablert ein forsvarleg og føremålstenleg internkontroll.

Administrasjonssjefen har ansvar for å etablere og følgje opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem; dvs. system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Alle vesentlege rutinar bør være skriftleg dokumentert med omsyn til korleis dei fungerer, og kva internkontroll som ligg inne i systema.

Vestnes kommune har følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Økonomireglement for Vestnes kommune** (vedtatt 15.09.16 k-sak 78/2016)
- ❖ **Delegeringsreglement for Vestnes kommune** (vedtatt 27.10.16 k-sak 101/2016)
- ❖ **Finansreglement og gjeldsreglement for Vestnes kommune** (vedtatt 17.6.2010, revidert 15.09.16 k-sak 79/2016)
- ❖ **Reglement for investeringsprosjekt** (vedtatt 21.10.2010, k sak 74/2010)
- ❖ **Eigarskapsmelding for Vestnes kommune** (vedtatt 21.10.2010 i k-sak 76/2010)
- ❖ **Risk manager – kommunen sitt elektroniske kvalitetssikringssystem**

Eit økonomireglement skal mellom anna dekke områda budsjettdelegasjon, attestasjon og anvising, rapporteringsrutinar og delegert avgjerdsmynde. Finansreglementet regulerer plassering av ledig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og forvaltning av gjeldsportefølja til kommunen.

Kvalitetssystem og internkontroll er eit tema som både førre og noverande kontrollutval har følgd opp. Heilt sidan 2013 er det gjeve statusrapportar frå administrasjonen til utvalet om innføring av det elektroniske kvalitetssikringssystemet, det har vist seg at administrasjonen har hatt utfordringar med å få implementert systemet. Ved siste statusrapport vart det informerte om at ROR-IKT er i ferd med å lyse ut anbod på elektronisk system for internkontroll for alle ROR-kommunane. Vestnes kommune er samstundes i ferd med å ta i

bruk ein ny versjon av Risk Manager, som er skybasert. Det er opplyst at det har blitt gjort ein del i forhold til tilgang på datamaskinar. Alle arbeidsplassar skal no ha tilgjengeleg datamaskin. Helse og omsorg er den største brukaren av systemet. Dei er flinke til å bruke både avvikssystemet og dokumentarkivet. Avvik skal handterast på lågast moglege nivå av aktuell leiar. Systemet inneheld også ein modul for risikoanalyser etter standardar, og det inneheld mange moglegeheiter for å ta ut rapportar. Kontrollutvalet vil følgje vidare med på implementering av internkontrollsystemet.

#### **4.11. Tilsyn frå andre**

I tillegg til kontrollutvalet, utfører eksterne forvaltningsorgan tilsyn med Vestnes kommune, for eksempel fylkesmannen, helsetilsynet, arbeidstilsynet og arkivverket.

Desse tilsyna kan avdekke avvik eller svakheiter i den kommunale organiseringa og utøving av tenesteproduksjonen.

Ein ser det føremålstenleg at kontrollutvalet vert orientert om slike tilsyn for å kunne følgje opp at den samla tenesteproduksjonen i Vestnes kommune vert kvalitetssikra og forbetra.

Kontrollutvalet har i 2018 fått seg førelagt følgjande tilsynsrapportar:

- **Tilsyn med kommunen som miljøvernmyndigheit**, brev datert 29.6.2017 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal til kommunane i Møre og Romsdal.– kontrollrapport 2017.027.A.FMMR, 27.10.2017 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- **Tilsyn med grunnskoleopplæring for vaksne – svarbrev til endeleg tilsynsrapport (10 lovbrøt)**, brev datert 8.10.2018 frå Vestnes kommune til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Kontrollutvalgssekretariatet har i 2018 deltatt på møter hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal der fokus har vore på samordning av statlege tilsyn og forvaltningsrevisjonar i regi av kontrollutvala. Fylkesmannen har i følgje kommunelova eit samordningsansvar for dette. Frå 2020 vil det bli oppretta ein eigen Tilsynskalender der alle planlagde og gjennomførte tilsyn frå alle statlege tilsynsorgan vil blir samla. Kalenderen skal etter planen også innehalde oversikt over forvaltningsrevisjonar frå kontrollutvala.

## **5. SAMANDRAG**

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbetre kommunen si eksterne tenesteproduksjon og myndesutøving så vel som interne forvaltningsfunksjonar. Utvalet legg opp til ei konstruktiv tilnærming ut frå kva som er realistisk å oppnå. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessane hos brukarane, og ein aktiv og truverdig tilsyns- og kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Utvalet sitt arbeid krev at medlemmene er aktive og set seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til Vestnes kommune.

Kontrollutvalet har også i 2018 motteke innspel frå innbyggjarar til saker utvalet bør sjå nærare på.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i tilsyns- og kontrollspørsmål er kontrollutvalet sitt virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, mellom anna for å få gjennomslagskraft for forbettringsforslag og tilrådingar og dermed kunne hjelpe til i arbeidet for at kommunestyret sine målsetjingar vert realisert.

**Vestnes, 12. februar 2019**  
Kontrollutvalet i Vestnes kommune

Stig Holmstrøm  
leiar

Gro Ødegård  
nestleiar

Frank Ove Belsvik  
medlem

Dagfinn Wiik  
medlem

Birgit Torkildson Grotle  
medlem

# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## HANDSAMA SAKER I 2018

Saks nr	Sakstittel	Statuskode
PS 01/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22. NOVEMBER 2017	A
PS 02/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 03/18	VESTNES KOMMUNE. RAPPORT FRÅ BEHANDLING AV VARSLINGSSAK	A
PS 04/18	INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2017	A
PS 05/18	<b>KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2017</b>	A
PS 06/18	MØTEPLAN FOR 2018	A
PS 07/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 08/18	EVENTUELT	A
PS 09/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20. FEBRUAR 2018	A
PS 10/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 11/18	PROSJEKTPLAN FOR AVTALT KONTROLLHANDLING. HABILITET	A
PS 12/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 13/18	EVENTUELT	A
PS 14/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11. APRIL 2018	A
PS 15/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 16/18	REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2018	A
PS 17/18	<b>VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2017</b>	A
PS 18/18	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2018	A
PS 19/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 20/18	EVENTUELT	A
PS 21/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12. JUNI 2017	A
PS 22/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 23/18	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. HALVÅR 2018	A
PS 24/18	KOMMUNIKASJONS-/REVISJONSPLAN 2018	O
PS 25/18	AVTALT KONTROLLHANDLING. HABILITET	A
PS 26/18	<b>BUDSJETTFORSLAG FOR 2019 FOR KONTROLL OG TILSYN</b>	A
PS 27/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 28/18	EVENTUELT	A
PS 29/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 24. SEPTEMBER 2018	A
PS 30/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 31/18	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 3. KVARTAL 2018	A
PS 32/18	VURDERING AV KONTROLLUTVALGETS TILSYNSANSVAR FOR REVISJON – REVISJONSÅRET 2017	A
PS 33/18	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT	O
PS 34/18	OPPFØLGINGSLISTE	O
PS 35/18	DELTA KING PÅ KONTROLLUTVALSKONFERANSAR I 2019	A
PS 36/18	EVENTUELT	A

Kode	Forklaring
A	Saka er avslutta
B	Saka er under handsaming
O	Saka vert følgt opp
U	Saka går ut



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2019-1535/01  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 23.1.2019

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 07/19	Kontrollutvalet	12.2.2019

**MØTEPLAN FOR 2019**

**Sekretariatet si tilråding**

Følgjande møteplan for 2019 vert godkjend:

<b>Uke</b>	<b>Dato</b>	<b>Møte nr</b>	<b>Saker til behandling</b>
7	12.02.	1/19	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Helsestasjon- og skolehelsetenester»</li><li>▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»</li><li>▪ Interimsrevisjon rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2018</li><li>▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2018</li><li>▪ Møteplan for 2019</li><li>▪ Tiltaksplan</li></ul>
19	07.05.	2/19	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Økonomirapport 1. kvartal 2019</li><li>▪ Oppsummering av årsoppgjersrevisjonen</li><li>▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2018 for Vestnes kommune</li></ul>
25	17.06	3/19	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Revidering av reglement for kontrollutvalet</li><li>▪ Val av revisor frå 2020</li><li>▪ Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»</li></ul>
36	02.09.	4/19	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Økonomirapport for 2. kvartal 2019</li><li>▪ Revisjonsplan for revisjonsåret 2019</li><li>▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2020</li></ul>
45	04.11.	5/19	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Økonomirapport for 3. kvartal 2019</li><li>▪ Opplæring av nytt kontrollutval</li><li>▪ Bestilling av overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2020-2024</li></ul>

Kontrollutvalet sin leiar i samråd med sekretariatet vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

**Bakgrunn for saka**

Det ikkje fastsett ei fordeling av tal på møter for kontrollutvala. Ut i frå forventna saksmengde, vert det også i 2019 planlagt 5 møter. Dersom det skulle oppstå situasjonar som tilseier at det likevel vil vere behov for fleire møter i løpet av året, vil det bli vurdert i det enkelte tilfelle.

Forslag til møteplan er koordinert med dei andre kontrollutvala sekretariatet betener for å unngå møtekollisjonar, samt Vestnes kommune sin møteplan for politiske møter i 2019.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



## Saksframlegg

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 08/19	Kontrollutvalet	12.2.2019

### TILTAKSPLAN 2019. KONTROLLUTVALET I VESTNES

#### Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet godkjenner Tiltaksplan for 2019, med dei endringar som kjem fram i møte. Tiltaksplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet.

#### Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 2.10.2017, sak 26/17 vedtok utvalet Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Dette er ein overordna plan som må konkretiserast i ein årleg tiltaksplan.

Sekretariatet har laga eit forslag til tiltaksplan for 2019, som vil bli diskutert/vurdert i kontrollutvalet i kvart møte.

Vedlagt følgjer:

- Utkast til tiltaksplan 2019-Kontrollutvalet i Vestnes kommune.

#### VURDERING

Det er lagt opp til 5 møter i 2019, tre møter på våren og to møter på hausten. Kontrollutvalet legg møteplan for heile året i dagens møte sak 07/19.

Tiltaksplanen er bygd opp etter same mal som Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019, som utvalet vedtok i kontrollutvalet sitt møte 2.10.2017, sak 26/17.

Det er viktig at utvalet tenker gjennom om det er særskilte områder utvalet ønskjer å fokusere på i 2019, kva som kan vere aktuelle verksemdsbesøk eller orienteringar de ønskjer å få. Kontrollutvalet kan i kvart møte supplere eller endre på kontrollaktivitetar som utvalet ser behov for.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



---

# TILTAKSPLAN 2019

## KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE



Oppdatert xx.xx.19

---

---

## Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval.</li> <li>Stig Holmstrøm og Dagfinn Wiik er kommunestyret sine representantar i kontrollutvalet.</li> <li>Utvalsleiar har eit særskilt ansvar for å følgje med om det er aktuelle saker i dei andre politiske utvala som kontrollutvalet bør følgje opp.</li> <li>Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging (ligg i kvartalsrapporteringa)</li> <li>Sjukefråver (ligg i kvartalsrapporteringa)</li> <li>Meldingar til politiet og varslingar</li> </ul>
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut frå overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
12.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes</li> </ul>
07.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>få skatteoppkrevjaren sin årsrapport for 2018 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering</li> <li>Økonomirapport 1. kvartal</li> </ul>
17.06.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Verksemdsbesøk?</li> <li>Status innkjøp og offentlege anskaffingar</li> <li>Revidering av kontrollutvalet sitt reglement</li> </ul>
02.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Økonomirapport 2. kvartal</li> <li>Status internkontrollsystem</li> </ul>
04.11.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Økonomirapport 3. kvartal</li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i kap. 4 i forskrift om kontrollutval.
12.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2018</li> </ul>
07.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapsrapport for 2018, Vestnes kommune</li> <li>Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2018.</li> </ul>
17.06.19	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>
02.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Orientering om revisjonsstrategien for revisjonsåret 2019.</li> </ul>
04.11.19	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i kap. 5 i forskrift om kontrollutval.
12.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetenester i Vestnes kommune»</li> <li>Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»</li> </ul>
07.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>
17.06.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»</li> </ul>
02.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>
04.11.19	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med selskapskontroll.

Møte	Oppgaver knytt til selskapskontroll
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for selskapskontroll og reglane i kap. 6 i forskrift om kontrollutval
12.02.19	•
07.05.19	•
17.06.19	•
02.09.19	•
04.11.19	•

## Tilsyn med revisjonen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med revisjonen
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Vestnes kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 4.
12.02.19	• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.
07.05.19	•
17.06.19	• Valg av revisor frå 2020
02.09.19	• Openheitsrapport frå revisjonen • Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2019) • Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Vestnes kommune for revisjonsåret 2019
04.11.19	• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.

## Budsjettbehandlinga

Møte	Oppgaver knytt til budsjettbehandlinga
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval § 18.
12.02.19	•
07.05.19	•
17.06.19	•
02.09.19	• Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020
04.11.19	•

## Kontrollutvalet si rapportering

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 6.
12.02.19	• Kontrollutvalet sin årsrapport for 2018 vert behandla og oversendt kommunestyret til orientering. • Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapportar/selskapskontrollar skal gå fram av kontrollutvalet sin årsrapport.
07.05.19	•

---

<b>Møte</b>	<b>Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering</b>
17.06.19	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2016-2019</li></ul>
02.09.19	<ul style="list-style-type: none"><li>•</li></ul>
04.11.19	<ul style="list-style-type: none"><li>•</li></ul>



## Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 09/19	Kontrollutvalet	12.2.2019

### OPPFØLGINGSLISTE

#### Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert satt opp på oppfølgingslista: .....

#### Bakgrunn for saka

Intensjonen med oppfølgingslista er å ha ei oversikt over av saker og problemstillingar som medlemmene ønskjer nærare utgreidd, få orientering om eller ha til observasjon.

Lista fungere også som eit planleggingsreiskap for aktivitetar som kontrollutvalet ønskjer å gjennomføre når forholda ligg til rette, til dømes synfaringar.

Kontrollutvalet vedtek sjølv endringar i lista. Dette inneber endring i status for den einskilde sak:

- Som nytt punkt
- Endringar i punkt (grunna orienteringar gjeve eller saka er handsama som eigen ordinær sak i møte)
- Punktet går ut (saka vert rekna for avslutta frå kontrollutvalet si side)

I dette møtet er det ikkje lagt opp til orientering knytt til saker på oppfølgingslista.

Vedlagt følgjer:

- Ajournført oppfølgingsliste pr. 6.12.2018.

### VURDERING

Av saker som kontrollutvalet har hatt oppe og som det er formålstenleg vert satt opp på oppfølgingslista for vidare oppfølging av status i saka, er følgjande:

#### Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar. Saka er overført frå oppfølgingslista for 2013, 2014, 2015, 2016, 2017, 2018 og til 2019.

### **Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»**

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten vart behandla våren 2017. Saka vert overført frå oppfølgingslista for 2015, 2016, 2017, 2018 og til 2019.

### **Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma**

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn. Saka er overført frå oppfølgingslista frå 2016, 2017, 2018 og til 2019.

### **Innkjøp og offentlege anskaffingar**

Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.

### **Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»**

Kontrollutvalet vedtok i møte 14.02.17 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester». Prosjektplanen vart handsama i møte 02.05.17 sak 14/17. Rapporten vart lagt fram møte 02.10.17 sak PS 23/17 og i kommunestyret 19.10.17, sak 90/2017. Oppfølging av rapporten er venta i første møte 2019.

### **Nytt personvernregelverk (Ny)**

I 2018 har Norge fått ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er et sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at den behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å skaffe seg informasjon om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personvernopplysningsreglane.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I  
VESTNES KOMMUNE**

**SAKSOPPFØLGING**

(å jour pr. 06.12.18)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>13.03.13 <b>Internkontroll i Vestnes kommune</b> Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet ønskjer orientering om Vestnes kommune har starta arbeidet med å etablere eit heilskapleg system for internkontroll og avviksrapportering.</p>	<p><b>13.03.13:</b> Sekretæren vert beden om å kontakte administrasjonssjefen og be om ei orientering til neste møte i kontrollutvalet. <b>29.05.13:</b> Kontrollutvalet vil få ei orientering i møtet i september 2013. <b>19.09.13:</b> Kontrollutvalet vil få ei orientering i neste møte. <b>10.12.13:</b> Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. orienteringssak OS 12/13. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. <b>03.12.14:</b> Kommunalsjef Rune Håseth informerte om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet ønskjer stausrapport om eit halvår. <b>28.04.15:</b> Kontrollutvalet utset å be om statusrapport til møte i oktober, grunna mange orienteringar i junimøtet. <b>17.09.15:</b> Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 20/15. Kontrollutvalet konkluderer med at dei ønskjer ei ny orientering om 1 år, for å sjå korleis systemet er tatt i bruk i organisasjonen. <b>16.11.16:</b> Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklings-hemma» <b>14.02.17:</b> Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 06/17. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport i KU-møte 22.11.17. <b>22.11.17:</b>Rune Håseth orienterte i dagens møte jf. OS 28/17. Utvalet ønskjer ei ny</p>

		<p>orientering før sommaren 2018.</p> <p><b>11.04.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer at ny orientering vert utsett til møte 24.09.18.</p> <p><b>24.09.18:</b> Frank Skorgenes orienterte i dagens møte jf. OS 05/18. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport om 1 år.</p>
<p>24.02.15</p> <p><b>Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune</b></p> <p>Ansvar: Rev./sekr.</p>	<p>Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjekt-et «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14.</p>	<p><b>24.06.15:</b> Rapporten vart lagt fram i dagens møte sak PS 18/15.</p> <p><b>14.02.17:</b> Adm.sjefen har informert revisjonen om at dei treng meir tid for å svare ut alle anbefalingane. KU vil få sak om oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet i neste møte.</p> <p><b>02.05.17:</b> Kontrollutvalet handsama oppfølging av forv.rev.rapporten i dagens møte, jf. sak 13/17. Utvalet ønskjer å følgje attståande arbeid med tilrådingane.</p> <p><b>11.04.18:</b> Adm.sjefen har i e-post 04.04.18 opplyst at utvalet vil få denne orienteringa i neste møte.</p> <p><b>09.05.18:</b> Kommunalsjef Greta Bjerke orienterte utvalet om attståande arbeid, jf. OS 03/18. Utvalet ønskjer å følgje opp det vider arbeidet knytt til tilråding nr. 1.</p>
<p>26.05.16</p> <p><b>Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma</b></p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventar å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering frå administrasjonen om dette området i kontrollutvalet sitt møte 16.11.16</p>	<p><b>16.11.16:</b> Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn.</p> <p><b>14.02.17:</b> Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad, orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 07/17. KU ønskjer å følgje saka til fylkesmannen har gjort vedtak om å lukke tilsynet.</p> <p><b>02.05.17:</b> Utvalet ønskjer å skrive eit brev til fylkesmannen der det vert uttrykt missnøye med at kommunen har venta på svar frå FM sidan okt. 2016. Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til utforme brevet.</p> <p><b>12.06.17:</b> Det vart 09.05.17 sendt brev frå kontrollutvalet (KU) til fylkesmannen (FM) der det vart etterlyst svar til kommunen. FM kalla i brev 19.05.17 inn kommunen til møte. Adm.sjef. orienterte KU frå dette møte, jf. OS 23/17. KU vil følgje saka til kommunen har fått svar på lukking av avvik frå tilsyn i 2011.</p> <p><b>02.10.17:</b> Avviket er lukka jf. brev frå fylkesmannen 05.07.17. Utvalet fekk orientering frå einingsleiar Anna Balstad i dagens møte jf. OS 25/17. Det er varsla nytt systemtilsyn i 2018. Kontrollutvalet</p>



		vil halde seg orientert om resultatet av nytt tilsyn. <b>06.12.18:</b> Sekretær opplyste at fylkesmannen har lagt inn i sine planar nytt tilsyn på tvang og makt, samt legemiddelhandtering for utviklingshemma våren 2019.
20.02.18 <b>Innkjøp og offentlege anskaffingar</b>  Ansv: adm./sekr.	Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følger opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpsamarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.	<b>20.02.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer i møte 11.04.18 ei orientering om organisering av innkjøpsarbeidet i Vestnes kommune, og korleis arbeidet med innkjøp og offentlege anskaffingar vert kvalitetssikra. <b>11.04.18.</b> Adm.sjefen orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 02/18. Utvalet vil følgje opp at innkjøpsreglementet kjem på plass og ønskjer ein ny statusrapport våren 2019.
20.02.18 <b>Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»</b>  Ansv.: adm./sekr.	Kontrollutvalet vedtok i møte 14.02.17 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet « <b>Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester</b> ». Prosjektplanen vart handsama i møte 02.05.17 sak 14/17. Rapporten vart lagt fram møte 02.10.17 sak PS 23/17 og i kommunestyret 19.10.17, sak 90/2017. Oppfølging av rapporten er venta hausten 2018 eller våren 2019.	
20.02.18 <b>Varslings sak</b>  Ansv.: adm./sekr./revisjon	Ein person som underskriv som «Anonym ansatt i Vestnes kommune» har varsla fylkesmannen. Varselet vart 20.12.2017 sendt Vestnes kommune frå fylkesmannen. I varselet vert det namngjeve fleire personar som arbeider med plan og byggesaker i kommunen, og varslaren rår til at alle sakene som gjeld denne gruppa blir gjennomgått. Administrasjonssjefen har handsama varselet og oversendt rapport til kontrollutvalet. Rapporten vart handsama i kontrollutvalet 20.02.18, sak 03/18.	<b>20.02.18:</b> Kontrollutvalet bestiller ein avtalt kontrollhandling frå MRR IKS for gjennomgang av eit utval utbyggingssaker, for å vurdere om sakene har blitt handsama i tråd med reglane lova og kommunen si eiga rutine for handtering av inhabilitet. <b>11.04.18:</b> Kontrollutvalet vedtok i dagens møte sak 11/18, prosjektplan for avtalt kontrollhandling. Habilitet. Rapporten er venta til behandling i møte 24.09.18. <b>24.09.18:</b> Kontrollutvalet behandla i dagens møte, sak 25/18, <i>Avtalt kontrollhandling. Habilitet.</i> Utvalet tek rapporten til orientering og ser ikkje grunn til å undersøke saka nærare. Utvalet understrekar viktigheten av å være bevisst på habilitetsreglane i alle fasar av saksbehandlinga. <b>Kontrollutvalet avsluttar oppfølging av denne saka.</b>



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2019-1535/01  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 4.2.2019

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 10/19	Kontrollutvalet	12.2.2019

**EVENTUELT**

**Referat fra NKRF sin kontrollutvalgskonferanse**

Deltakarane gir utvalet referat frå konferansen.

**Psykisk utviklingshemma i Vestnes kommune**

Det har den siste tida vore mange oppslag i media knytt til «Tolga-saka». Vestnes kommune er ein stor vertskommune som følgje av at institusjonen «Hellandsheimen» var lokalisert i kommunen. Utvalsleiar Stig Holmstrøm har meldt inn nokre problemstillingar som han ønskjer at utvalet skal vurdere å be administrasjonen gje tilbakemelding om:

- Korleis har utvikling i talet på psykisk utviklingshemma i kommunen vore dei siste 5-8 åra?
- Kor mange psykisk utviklingshemma (PU) er det knytt tilskot til?
- Kor mange av desse er «vertskommune-PU»?
- Korleis har utvikling i talet på «vertskommune-PU» vore dei siste 5-8 åra?
- Kor mykje tilskot mottok Vestnes kommune for desse?

**Mogleg ulovlege tiltak i strandsona**

Nokre utvalsmedlemmer har mottatt innspel frå innbyggjarar i kommunen om moglege ulovlege tiltak i strandsona. Sekretær viser til at utvalet i møte 03.10.2016 fekk ei orientering om byggesaksbehandling. I denne orienteringa var ein også litt innom korleis slik saker vert handtert. Utvalet kan i møtet vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet skal følgje opp, og eventuelt på kva måte.